



## Møteprotokoll

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 03.10.2023  
**Møtestad:** Kommunehuset - møterom Børilden  
**Møtetid:** 16:15 - 17:15

Saker der handsaminga blir notert under orienteringar:

- Evaluering av fire år i RMNF
- Arbeidssenteret
- Arbeidsleiar arbeidssenteret
- Aufera-skyssen
- Saka om gangveg frå Mastrevik mot Toftegård
- Avslutningsmiddag i Kilstraumen

Frammøtte medlemmer	Rolle
<b>Anny Helene Sætre Bertelsen</b>	<b>Medlem</b>
<b>Mette Ekornrød</b>	<b>Medlem</b>
<b>Odd Sigvald Øksnes</b>	<b>Utvalsleiar</b>

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
<b>Ann Kristin Leirvåg</b>	<b>Medlem</b>
<b>Helge Dyrkolbotn</b>	<b>Medlem</b>
<b>Ivar Bergsvik</b>	<b>Medlem</b>

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Ketil Tjore

---

Austrheim 9. oktober 2023

Odd Sigvald Øksnes  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
017/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/23	Godkjenning av møteprotokoll
019/23	Meldingar
020/23	Orienteringssak

## **017/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **03.10.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i RMNF:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **RMNF - 017/23 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **018/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **03.10.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i RMNF:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **RMNF - 018/23 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **019/23: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **03.10.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i RMNF:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **RMNF - 019/23 VEDTAK:**

Meldingane vart tekne til orientering

---

#### **020/23: Orienteringssak**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Dei enkelte punkta skal følgjast opp som nemnt i referatet.

### **03.10.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

foreslått av:

Dei enkelte punkta skal følgjast opp som nemnt i referatet.

Desse sakene var lista opp på framsida av innkallinga, med handsaming under orienteringar:

- Evaluering av fire år i RMNF

Ventar med denne til neste møte. Møtesekretøren sender ut spørsmåla på nytt.

Må ta med i tilbakemeldinga at medverknadsråda skal ha eit ord med i laget i dei fleste kommunale sakene.

- Arbeidssenteret

Vedtak i denne saka:

- Kommunen må syta for at lokala til Arbeidssenteret er rusta opp til tenleg status.

- Arbeidsleiar arbeidssenteret

Vedtak i denne saka:

- RMNF meiner at kommunen må arbeida for å oppretta ei stilling som arbeidsleiar på Arbeidssenteret, jamfør dei innspela som RMNF tidlegare har komme med til ein arbeidsinstruks for arbeidsleiar på Arbeidssenteret.

- Aufera-skyssen

Her har Odd S. Øksnes og Elsa Skare delteke i ei gruppe, saman med kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy, og sett på no-situasjonen og moglege alternative løysingar. Det var møte om dette seinast 3. oktober like før RMNF-møtet, og leiar Odd S. Øksnes refererte det arbeidsnotatet som var lagt fram i det møtet.

Om brukarane i Austrheim skal bruka offentleg transport begge vegar kjem ein ned i ei arbeidstid på fem timar, sidan dei kjem for seint og må gå for tidleg.

Det er eit ønskje frå kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy at RMNF kjem med ei tilbakemelding på kva ein ønskjer frå kommunen i denne samanheng.

Vedtak i denne saka:

- RMNF er gjort kjent med arbeidet til nemnda som har jobba med Aufera-skyss. RMNF meiner at kommunen må syta for tenleg skyss til Aufera, for alle brukarar. Med tenleg skyss meiner ein at brukarane må vera på Aufera/Manger tidnok til arbeidsdagens start, og kunne vera til arbeidsdagen sluttar.
- Saka om gangveg frå Mastrevik mot Toftegård
  - Tek dette opp på nytt, med moment som:
    - Stykkevis utbygging, med start frå Mastrevik-kryssen og til Kanserdalen (teknisk).
    - Ta det med som prioritert i trafikksikringsplanen.

Møtesekretæren skriv og sender til Mette Ekornrød og leiar Odd S. Øksnes.

- Avslutningsmiddag i Kilstraumen

Møtesekretæren sjekkar moglege datoar i desember, og koordinerer.

- Budsjettprosessen 2024:

Budsjettet vert lagt fram i felles møte for formannskapet og kommunestyret torsdag 2. november, på Austrheim samfunnshus. Det er mogleg å delta fysisk eller sjå TV direkte eller i opptak.

Handsaming i utvalet:

Dei enkelte punkta skal følgjast opp som nemnt i referatet.

#### **RMNF - 020/23 VEDTAK:**

Dei enkelte punkta skal følgjast opp som nemnt i referatet.

---